Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6, tilleggsspursmål. Fylke: Sör-Tröndelag.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Agdenes

Emne: Folkelege musikkinstrument. Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Elven Gard: Elva

(adresse): Fenes G.nr. 44 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Om lurar samanpulla av bork har i mundings=enden innlagd noko som skal laga lyd, har vi ikkje höyrd.

2. Orda halme, harpipe har vi ikkje höyrd, men det kunde hende at halme har med halm å gjera, at det da er ei halmpipe med skore „tunge" (tóung) oppmed ein ledknute og med hol for tonar oppetter stalkjen og som ein kan spela noko på.

3. „Ranglar" som barneleikar (?) heimelaga har det ikkje vore, såvidt eg veit.

4. Vi kjenner til at ein kan få til smellar med store lauvblad, papirpose og med sveipa, og med glo (av elden); no er det ikkje så greidt at ein legg ei glo på ambolten og slær til. Ein treng elles ikkje ambolt, men kan bruke ein glatt stein. Fyrst spytter ein ei dugeleg klyse på steinen – eller ambolten – der ein vil legge gloa, så legg ein ei gild glo på storleik som ein svedsker eller eit lite egg nedpå spyttet; Så må ein vara snar å slå med ókshamaren nedpå gloa. Da bli det ein herleg smell. Held ein på lenge og skal ha mange smella, kan det bli

1-0508

for lite spytt, men da kan ein bruke vatn. Men spytt er best. Dette kallest å laga kolsmell. Mngan drev med dette når det var god eld under ei stor gryte ute og for moro skuld, ikkje ved serlege høve. Børse- og dynamitskott har ikkje vore brukt noko vidare, det har da hendt til bryllups men det har vore vandt å få det greidt til. Nokon „trollskap" har det ikkje vore lagd i dette.

5. Lyder og ulyder mot trollskap og vonde ånder veit vi ikkje av, anna enn at ein må ikkje blistre for da danser styggmannen.

10508

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING